

Presentasjon av UngData – status i 2017 og utvikling frå 2011 – 2017

Ungdata vert gjennomført ved at skuleelevar over heile landet svarar på eit elektronisk spørjeskjema som omfattar ulike sider ved livssituasjonen deira. Det er eit verktøy som gjer eit breitt bilete av korleis ungdom har det og kva dei driv med på fritida. Ungdata har vorte gjennomført i Fjaler i 2011, 2015 og 2017. I 2017 deltok 131 elevar (81 %) i den vidaregåande skulen i Fjaler og 97 elevar (88 %) på ungdomsskuletrinnet deltok. Statustala som vert presentert er frå undersøkinga i 2017, medan utviklingsbilete baserer seg på tala både frå 2011, 2015 og 2017. I ein liten kommune som Fjaler med tidvise små klassar kan få svar gje store prosentvise utslag, difor er utviklinga like viktig å vurdere når presenterer resultatata.

Nøkkeltala frå 2017 syner at elevane stort er nøgde og har det bra. Elevane i Fjaler ligg nokså likt med landsgjennomsnittet på dei fleste indikatorane. Dei er nøgde med lokalmiljøet, føler seg trygg i nærområdet, har gode vener dei er fornøgde med og har foreldre som dei både er fornøgde med og som føl med på fritida deira. Det gjeld elevar både på ungdomstrinnet og den vidaregåande skulen.

Skule og fritid

Når det gjeld skule og fritid er både ungdomsskule- og vidaregåandeelevane nøgde med skulen sin og dei skular lite. Der litt høgare skjermtid i Fjaler enn elles i landet på begge skulane, men størst skilnad er det på vidaregåande skule der 88 % i Fjaler brukar 2 timar eller meir framfor ein skjerm mot 80 % i landsgjennomsnitt. Ser ein på kjønnskilnader brukar gutar meir tid på spel, og jenter vesentleg meir tid på sosiale media enn gutar. Det er likevel fleire i Fjaler som deltek i organiserte fritidsaktivitetar, og dei trenar like mykje som elles i landet. Generelt ser ein at ungdom heng mindre ute saman med vener, men møtast heime over internett. Ser ein på om ungdom er fornøgd med lokalmiljøet sitt svarar ungdomsskulelevane i 2017 at dei er mindre fornøgd enn tidlegare (i 2015 var 82% av ungdomsskulelevane fornøgd med lokalmiljøet sitt, mot 67 % i 2017. På landsbasis er 70 % av den same gruppa fornøgd med lokalmiljøet sitt. Det er særleg lokale der ein kan treffe andre unge på fritida som ungdommen saknar. 71 % av vgs-elevane er nøgde med lokalmiljøet sitt, mot 64 % på landsbasis.

Helse og plager

På tema om ulike plager kan det sjå ut som det er ei auke i prosentdel av dei som kjenner på plager. Frå 2011 til 2017 er det fleire som har seier dei har søvnproblem, fleire bekymrar seg for ting og det er fleire som oppgir at dei har følt håpløshet med tanke på framtida. Det gjeld både på ungdomskulen og VG1 og VG2. På tredje trinn ser det derimot ut som elevane ikkje bekymrar seg så mykje. Dette er nasjonale trekk, og elevane er like fornøgd med helsa si som ungdom elles i landet.

Psykisk helse

Mange unge slit psykisk i periodar. Ifølgje Ungdata gjev ikkje forskinga eintydige svar på om psykiske problem aukar blant unge. Men, det er fleire studie som tyder på at stadig fleire unge jenter rapporterer om ulike typar psykiske helseplager. Det har også vore ei klar auke i angst- og deprersjonslidingar som grunngeving for uføretrygd blant unge. 18 % av ungdomsskulelevane i Fjaler seier at dei er ganske mykje eller veldig mykje plaga av

einsemd, medan 22 % av dei vidaregåande elevane seier det same. Det er likt med resten av landet. 5 % av ungdomsskulelevane seier dei vert mobba (kvar 14. dag eller oftare) og 6 % av dei vidaregåande elevane seier det same.

15 % av dei vidaregåande elevane seier dei er mykje plaga av depressive symptom, mot 17 % elles i landet. 6 % av ungdomsskuleelevane seier det same, mot 12% elles i landet.

Det er viktig å hugse på at sjølv om ungdommen i Fjaler ikkje skil seg negativt frå resten av ungdommane i landet på dette tema, er det likevel høge tal med elevar som oppgir at dei slit psykisk. Utviklinga med fleire som rapporterer om psykiske helseplager er eit viktig signal om at ein må jobbe førebyggjande mot denne gruppa.

Alkohol – status og trendbilete ungdomstrinn og vidaregåande

På vidaregåande trinn er den indikatoren Fjaler skil seg mest ut i negativ retning på alkohol. På spørsmål om eleven har vore rusa på alkohol siste året svarer 56 % i landet at det har dei vore minst ein gong, mot 67 % i Fjaler. Ser ein på utviklinga frå 2011 til 2017, er del av dei som svarar at dei aldri har smakt alkohol/berre smakt få gonger ganske uforandra på alle trinna. Del av dei som svarar at dei drikk jamt månadleg og kvar veke har auka frå 2011 – 2017 på alle trinna.

Når det gjeld alkohol på ungdomstrinnet kan det sjå ut som det er ei positiv utvikling frå 2011 – 2017. Det er ei svak auke i elevar som i 2017 svarar at dei aldri/berre få gonger har smakt alkohol, enn i 2011 (89% mot 85%). Det er færre som svarar at dei drikk av-og-til, eller nokså jamt, i 2017 enn i 2011 (8% mot 10%). På reglar frå heimen om alkohol, er det fleire som svarar at regelen er at dei aldri nokon gong bør bruke alkohol i 2017 enn i 2011 (13% mot 2%). Det er også færre som seier dei får lov å bruke alkohol etter fylte 16 år (8 % mot 24 %).

Dette punktet lyt ein følgje med på for å sjå om trende utviklar seg i same retning blant elevane, eller om utviklinga på ungdomstrinnet etter kvart vil vise igjen i den vidaregåande skulen.

Røyk– status og trendbilete ungdomstrinn og vidaregåande.

Resultata får 2017 syner at det er 5 % av elevane i den vidaregåande skulen i Fjaler som røykjer minst ein gong i veka, mot 6 % på landsnittet. Ser ein på utviklinga frå 2011 og fram mot 2017, er det ei negativ utvikling i retning av at det er færre som oppgjer at dei ikkje røyker. Det gjeld for alle trinna (VG1: 86% ikkje røyker i 2011 mot 81% i 2017. VG2: 84% røyker ikkje i 2011 mot 80 % i 2017. VG3: 84 % røyker ikkje i 2011 mot 76 % i 2017). Kor ofte ein røyker (dagleg, vekentleg eller sjeldnare) varierer, men den samla utviklinga er at det er færre som ikkje røyker. På ungdomstrinnet ser ein ikkje denne utviklinga, der er det lite variasjon i kor mange som seier at dei ikkje røyker (97 – 100 – 99).

Når det gjeld snus er det i 2017 15 % av elevane i Fjaler som seier at dei snusar minst ein gong i veka, mot 18 % på landssnittet. Her er det ikkje noko tydeleg trendbilete, nokre trinn har ei auke i snusbruk medan andre trinn har ein nedgang. Det er få på ungdomsskuletrinnet som snusar.

Her vil gjelde det same som for på alkoholbruk, ein må følgje med for å sjå om trenden i den vidaregåande skulen fortset i negativ retning eller om utviklinga på ungdomstrinnet etter kvart vil syne igjen blant dei vidaregåande elevane.

Den vidaregåande skulen i Fjaler har elevar frå fleire kommunar, som vil seie at det kan vere ulik rusmiddelbruk i dei ulike kommunane som utgjer denne skilnaden mellom ungdomsskule- og vidaregåade elevar.